



Meland kommune

Kommunestyret delegerer mynde etter Lov 2008-06-27 nr. 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) til Utval for drift og utvikling, for disse oppgåvene:

- Sende framlegg til planprogram for reguleringsplanar med vesentlege verknader ut på høyring, i tråd med § 12-9
- Behandle framlegg til reguleringsplan, medrekna områdeplan, i tråd med § 12-10
- Behandle framlegg til private reguleringsplanar i tråd med § 12-11
- Godkjenne mindre reguleringsplanar etter § 12-12 andre ledd
- Godkjenne mindre endringar eller vedta utfyllingar i reguleringsplan etter § 12-14, utover mynde som er delegert til rådmannen *
- Gjere vedtak om mellombels forbod mot tiltak etter § 13-1
- Forlenge fristen for utarbeiding av plan når det er lagt ned mellombels forbod mot tiltak, etter § 13-3
- Sende søknad om tiltak eller planframlegg med konsekvensutgreiing ut på høyring, i tråd med § 14-2
- Gje tilråding i sak om ekspropriasjon etter kapittel 16 der kommunestyret har vedtaksmynde
- Sende framlegg til utbyggingsavtale ut på høyring i tråd med § 17-4
- Gjere vedtak om dispensasjon etter § 19-2, utover mynde som er delegert til rådmannen *
- Behandle klage på enkeltvedtak etter pbl når departementet er klageinstans etter § 1-9

** Rådmannen har delegert mynde til å fatte vedtak om mindre reguleringsendringar / utfyllingar i reguleringsplan etter § 12-14 og om dispensasjon etter § 19-2 innfor rammene av kommunelova § 23, dvs saker av ikkje prinispiell karakter. Jf kommunestyrevedtak 24.06.2009 og 14.12.2016.*

Kommunestyret delegerer mynde etter Forskrift 08.12.2003 nr 1479: Vedtak om overføring av myndighet til kommunen, fylkesmannen, Landbruksdirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonslova, jordlova og odelslova (landbrukssaker) til Utval for drift og utvikling, for desse oppgåvene:

- Gjere vedtak etter konsesjonslova, jordlova og odelslova utover mynde som er delegert til rådmannen **

*** Rådmannen har delegert mynde til å gjere vedtak etter konsesjonslova, jordlova og odelslova innfor rammene av kommunelova § 23, dvs saker av ikkje prinispiell karakter. Jf kommunestyrevedtak 14.12.2016.*

Godkjent av Meland kommunestyre i møte 08.03.2017, sak KS-14/2017